

Kvinnherad kommune
Rosendalsvegen 10
5470 Rosendal

Dato	13.03.2024
Vår referanse	2022/46420-11
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Ingunn Bårtvedt Skjerdal
E-post	Ingunn.Bartvedt.Skjerdal@vlfk.no
Telefon	45723354

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn - detaljregulering - turistanlegg Uskedalen - planID 20220004 - Kvinnherad kommune

Vi viser til brev datert 31.01.24 om høyring av forslag til detaljregulering for turistanlegg Uskedalen. Hovudføremålet i planen er å legge til rette for vidare utvikling og drift av Rabben feriesenter med tilgrensande areal. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan.

Vestland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til vår fråsegn til oppstartmeldinga i brev av 22.4.22. For kommunane i Sogn og Fjordane og kommunane i Hordaland gjeld dei vedtekne regionale planane fram til desse vert avløyst av nye planar i Vestland.

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettsidene våre:
www.vestlandfylke.no/planlegging/kommunal-planretteiing.

Vurdering

Arkitektur og estetikk

Planområdet ligg tett inntil Uskedalen kyrkje. I planen er det opna for mange permanente campinghytter. I dag er det for det meste låge bygg. I føresegnene er det opna for mønehøgde på 8 meter for campinghyttene, samstundes skal dei vere i ein etasje. Det er ikkje samsvar i dette. Vi vil oppmode kommunen til å redusere mønehøgde slik at en står i forhold til ein etasje som planen opnar for.

Friluftsliv og strandsone

Det er positivt at det er presisert i føresegnene at GF er tilgjengeleg for ålmenta. I innspel til oppstart fråråde vi etablering av permanente tiltak i området ned mot stranda, som kan virke privatiserande i strandsona. Planframlegget har teke omsyn til det ved å ikkje tillate permanente plassar og tiltak i GF og BC9 det er bra. Vi vil oppmode til at det heller ikkje i BC8 vert opna for heilårs faste campingplassar med faste installasjonar.

Kulturminne og kulturmiljø

I fråsegn til oppstart av planen peika Vestland fylkeskommunen på kulturmiljøet knytt til Uskedalen kyrkjestad (Askeladden id- 85730). Uskedalen kyrkje har ein sentral plassering i det som utvikla seg til Uskedalen sentrum og område slik det ligg i dag har viktige kvalitetar som må takast vare på for ettertida. I fråsegn skreiv vi mellom anna: «*Det samla kulturlandskapet med nær og fjernverknad må sjåast i ein større samanheng. Dette vert særleg viktig med tanke på detaljering med materialbruk, med stadeigne kvalitetar og vegetasjon innafor kyrkja sine omgjevningar. Planen må sikre at*

opplevinga av det einskilde kulturminne og det samla kulturmiljøet vert teken vare på og styrka. Volum, proporsjonar, høgde og nær- og fjernverknad på den samla nye tiltaka må tilpassast eksisterande bygningsmiljø, sikre området karakter og kulturmiljø.»

Det er i planen opna for 12 utleiehytter på ein etasje med maks mønehøgde 8 meter for felt BC2 og BC4. For felt BC7 er det opna for at nye utleiehytter på ein etasje med maks mønehøgde 8 meter kan førast opp, men det er ikkje gjort greie for antall hytter.

Planen opnar opp for utleiehytter med maks mønehøgde 8 meter. Fylkeskommunen vurderer at dette er problematisk særleg innanfor felt BC7 då området ligg i forkant av kyrkjestaden mot fjorden. Det er heller ikkje gjort greie for antall hytter her. I dag er busetnaden på flaten ved fjorden låg og utsynet frå kyrkjestaden er slik i ivaretake og kyrkja som monument i landskapet får dominera. Byggehøgddane ein i planen opnar for vil endre opplevinga av kyrkjestaden i landskapet og få konsekvensar både for fjern og nærverknad . Vi rår difor til at det innan for felt BC7 ikkje opnast for nye hytter.

Planframlegget har illustrasjonar som etter vår vurdering ikkje viser konsekvensen av dei byggehøgddane planen opnar for. Illustrasjonane viser gjennomgåande ein busetjing med låge bygg og er slik er misvisande.

Samferdsel

Viser til vår uttale ved oppstart av planarbeidet. Me ønska oss at eksisterande avkøyrsl ved brua vert stengt for køyretøy, og at all trafikk til og frå området skjer via hovudtilkomsten i nord. Ber difor om at dette kjem med som eit rekkefylgjekrav i føresegnene at avkøyrsla må stengast før det vert tillate med ny aktivitet i planområdet.

Me er positive til at o_SKV1 er tydeleg avgrensa i kartet, slik at me får eit tydeleg skilje mellom køyreveg og anna vegareal. Me ber likevel om at avkøyrsla frå Sandavegen og inn til SKV1 vert flytta noko lenger mot vest, slik at avkøyrsla får større avstand til vegkrysset. Slik får køyretøya nok ventareal i Sandavegen før dei skal inn i avkøyrsla.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld mønehøgde, strandsone og kulturmiljøet rundt kyrkja og rekkefylgjekrav knytt til stenging av avkøyrsl. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Med helsing

Eva Katrine Ritland Taule
Fagansvarleg
NPI – Plan, klima og analyse

Ingunn Bårtvedt Skjerdal
seniorrådgjevar
NPI - Plan, klima og analyse

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi mottakarliste

Statsforvaltaren i Vestland

Statens hus - Njøsavegen 2

6863

LEIKANGER

Intern sakshandsamarliste

Inga Petronella Lindstrøm

Guri Finne Sognnæs

KFO - Arealplan

INV - Vegforvaltning Vestland